



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **4. mai til 10. mai**



Måndag 4. Kl. 11.00 - Dagkino - Bømlo kulturhus

Dagkino er eit tilbod med gode kvalitetsfilmar, litt nedsett lyd, ein kopp kaffi og noko søtt attåt etter filmen. Bill.pris kr 150



Tysdag 5. Kl. 06.30 - Symjing/trim - Bømlo symjehall

Når det er symjing/trim er alle 6 banane i bassenget ope. Målgruppa er dei som ynskjer å trena/mosjonera i symjebanane, evt. i opplæringsbassenget (32 grader). Bill.pris kr 75



Onsdag 6. Kl. 10.00 - Aktiv til 100 - Gapahauk Stangervåg

Lett tur i regi av Bømlo turlag til gapahauken i Stangervåg. Oppmøte og start på parkeringsplassen i Brubakken kl 10.00. Kontaktperson for ev. spørsmål er Harald Fadnes, tlf 913 48 499



Torsdag 7. Kl. 10.00 - Torsdagstreff - Røde Kors huset

Torsdagstreff med stol trim og servering av smørbrød, kaffi og kaffimat i regi av Bømlo frivilligsentral. Alle er velkomne til å vera med.



Søndag 10. Kl. 07:45 - 7-/5-fjellstur - Bømlo

Bømlo turlag arrangerer den årlege 7-/5- fjellsturen denne søndagen. Shuttlebuss frå Svortland skule frå kl. 07.45-10.00. Deltakarane føl oppmerka løyper og for dei som går alle 7 fjell, er det forfriskningar og vatn på Erslund gard i tillegg til forfriskningar for alle i målområde. Les meir på Bømlo turlag sine nettsider og meld deg på.

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Startlån – ei trygg hand for deg over 65

Startlån frå kommunen kan hjelpe deg som er 65 år eller eldre med å få ein trygg og føreseieleg bustadsituasjon – spesielt dersom vanleg bank seier nei. Når livet endrar seg, kan bustaden gjere det same. Kanskje treng du ein heim som er lettare å bu i, mindre vedlikehald eller ei økonomisk løysing som gir større ro i kvardagen.

Startlån kan gi støtte til kjøp av ein meir tilpassa og lettstelt bustad, refinansiering slik at du kan bli buande der du trivst, og nødvendige tilpassingar som gjer at du kan bu heime lenger. Ordninga er behovsprøvd. Kommunen vurderer både økonomi, bustadbehov og kva som skal til for at du skal ha ein stabil heim i åra framover.

Startlån passar for deg som er over 65 år, har utfordringar med å få lån i vanleg bank og treng ein trygg og eigna bustad for framtida.

Kvifor velje Startlån?

- Gunstige vilkår
- Lang nedbetalingstid
- God rådgiving og tett oppfølging



Vil du vite meir?

Ta gjerne kontakt for ein uforpliktande prat om moglegheitene dine med John Helge Møgster - e-post: jhm@bomlo.kommune.no

Telefon og meir informasjon finn du på kommunen si heimeside - www.bomlo.kommune.no

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post: postmottak@bomlo.kommune.no

Telefon: 53 42 30 00